

SVEIO O-LAG

50  
ÅR



**Årsmelding**  
for  
**Sveio Orienteringslag**  
2017



## Resultat av val under Sveio O-lag sitt årsmøte 14. mars 2017:

### Hovudstyret:

Thomas Førde	attval for 1 år.	leiar
Kjetil Fiskå	ikkje på val	nestleiar
Kristian S. Førde	Ikkje på val	
Karl Inge Instefjord	attval 2 år	
Astrid Førund	attval 2 år	

### Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford	1. varamedlem, attval for 1 år
Hjørdis Kallevik	2. varamedlem, attval for 1 år
Hjalmar Lokna	3. varamedlem, attval for 1 år.

### Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde	attval for 1 år	leiar
Astrid Førund	ikkje på val	
Karl Inge Instefjord	ikkje på val	
Olaug Fagerland	attval 2 år	
Leif Grutle	attval 2 år	
Øystein Opedal	attval 1 år	
Oddbjørn Valen	attval 2 år	

### Revisor:

Jostein Ottesen	attval for 1 år
-----------------	-----------------

### Diverse:

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting:

Kjetil Fiskå

Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Astrid Førund

Øystein Opedal

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord vara Hjalmar Lokna.

Astrid Førund vara Thomas Førde

### Styret var i 2017 representert i følgjande møte:

Kjetil deltok i terminlistemøtet for o-klubbane i Nord Rogaland i januar.

Kjetil og Thomas deltok under Rogaland O-krets sitt ting i februar

Karl Inge og Thomas deltok i årsmøtet til Førde Samfunnshus i mars.

**Medlemstalet i Sveio O-lag per 31.12.17:** 82 betalande medlemmer. Dette er ein auke frå året før då me hadde registrert 69 betalande medlemmer.

Konkurranserorientering: **Eigne arrangement**

## Nær-o-løp i Auklandshamn



*Harald Steinsland frå Vikebygd stemplar på målposten saman med Stord-løparane Jørgen Westerheim og Nina Hagerup.*

Tirsdag 23. mai arrangerte Sveio O-lag nær-o-løp med start og mål ved Auklandshamn skule. 67 løparar stilte til start. Kjetil og Thomas hadde laga fire løyper i terrenget sør for Auklandshamn skule. Arrangementet inngjekk som eit rankingløp for klubbane i Nord Rogaland og for klubbane i Sunnhordland. Arrangørane fekk mange gode tilbakemeldingar for løyper, terreng, arena m.m.



*Løypeleggarane Kjetil og Thomas tar seg her av deltakarar og resultatlistar på Auklandshamn skule.*

### Bedrifts-o-løp

Torsdag 1. juni blei det same terrenget og nokre av dei same postane nær Auklandshamn skule nytta til bedrifts-o-løp. Dei same løypeleggarane som under nær-o-løpet kunne denne gongen tilby to ulike løyper. 37 løparar deltok.



## KM Mellom, på Lyngholm



*Inga tid og mista for deltakarane når startsignalet går. Eliteløpar Thomas Natvig Årstad frå Halden Skiklubb er mellom dei som her stikk av garde etter signal frå startfunksjoner Geir.*

I jubileumsåret tok me igjen på oss eit større arrangement. Dette året blei me dermed tildelt KM i mellomdistanseorientering og la arrangementet til Lyngholm.

Me var spente på om det skulle bli parkeringsplass for alle tilreisande. Men med god planlegging, godt mannskap, vevillige grunneigarar og god utnytting av tilgjengeleg p-areal, fungerte trafikkavviklinga særst godt.

Kjetil og Thomas var løypeleggarar og hadde lagt sju ulike løyper i terrenget sør og aust for Lyngholm. Kristian var ansvarleg for påmelding, startlister, tidtaking og resultatlister.

Me fekk god hjelp frå både grunneigarar, beitebrukarar og naboar til førebuing og gjennomføring av arrangementet. I tillegg hadde me ein god og veltrimma stab av egne tillitsvalde og medlemmer som utførte mange ulike oppgåver som p-vakter, organisering av start og målgang, kioskdirift, bygging og riving av feltlatriner, løpsleiing, speakerteneste, tidtaking og premiering. Klubben fekk mykje ros for dei aller fleste sider av arrangementet. Einaste minuset var regnbyger som kom innover Lyngholm under arrangementet. Alt i alt ei verdig feiring av 50-årsjubileet.



*Dei yngste såg ut til å trivast på arenaen.*



*Eli passa på at løparane fekk påfyll av væske ved målgang.*



*Astrid og Inge stod for drifta av kiosken.*





*Kjetil og Geir ordnar køen ved startbåsan der løparane og så får utdelt kart.*



*Hjalmar rettleier ein av dei yngste deltakarane før start.*





*Jørgen administrerte løypene for «småttroll» og nybegynnarar.*



*Johannes var speaker og Kristian tidtaker og it-ansvarleg.*



*Martin Enerstvedt gir full gass frå siste post og inn mot mål.*

Deltaking i andre løp:

## O-ringen, fem dagars o-løp i Sverige



I denne sesongen hadde SOL fem deltakar, Astrid, Sunniva, Kristian, Bjørnar og Thomas i det tradisjonsrike femdagars o-løpet, O-Ringen i Sverige. Verdas største o-arrangement var i 2017 lagt til Arvika i Värmland. Me vestlendingar var særst heldige som fekk oppleva ei heil sommarveke utan regnver.

### Andre o-løp:

Kjetil har deltatt i fleire Nær-o-løp rundt i distriktet i mange bedrifts-o-løp. Under KM mellom på Lyngholm stilt me også med fleire deltakara frå eigen klubb.



# Turorientering



*Pakking av tur-o-materiell før sesonopning. (Foto: Vestavind)*

jubileumssesongen 2017 kunne me mellom anna tilby 15 tur-o-postar i høgaste Valestrandfjellet. Postane var å finna langs ei gjennomgåande løype frå vegen opp mot Målefjellet, via toppen av Målefjellet og austover i retning Sildanipen, kor det også var plassert ein jubileumspost. Derifrå gjekk løypa nordover i retning Trodlavassnipen, forbi Olestjødn, til Fjellstemmen og nord og nedover i retning Bjørgavegen.

Eit populært tiltak dette i jubileumssesongen. Tilbodet blei nytta av minst 30 registrerte deltakarar. Me hadde eiga premiering for dei som hadde kvittert på jubileumspostane.

På Tittelsnes, nord for Festningen, var det lagt ut 5 postar, medan terrenget ved Joavatnet, framom Børshovda og sørover til der kor Liervatn renn ut i Røykeneselva, blei til ein fin tur med 10 postar langs stiar og skogsveg; ein runde som mange av brukarane har gitt oss god tilbakemelding for.

I Auklandshamn blei det laga til to turar. Den eine turen, som inneheldt fem postar, gjekk i det idylliske friområdet Slettene. Den andre turen, med like mange postar, tok utgangspunkt i Auklandshamn skule.

Kyrkjestien mellom Sveio og Mølstrevåg var ledelina mellom dei ti postane som ligg i terrenget sørvest for Fjellstad. Dette var ein gjennomgåande tur med ti postar kor ein kunne starta i den enden som høvde best.

I Ryvardenmarka blei det lagt opp til ein lengre tur frå Mølstrevåg, via Ryvarden fyr og nordover i retning Lyngholm. 15 postar var plasserte ut i dette terrenget.

**Start og slutt:** Startskotet for årets tur-o-sesong gjekk rekordtidleg søndag 26. mars. Alle dei 50 postane var merka med sirkel på kartet. Alle desse 50 postane stod ute og klar til å ta imot besøk utan pause heilt fram til 1. november.

**Postkasse og premie:** To postkassar var sette ut i terrenget fordelt på to av dei 50 postane. Her er det høve til å skriva namnet sitt i ei bok og vera med på trekning av premiar.

**Kulturminnepostar:** Ved einskilde av tur-o-postane blei det sett opp info-tavler om aktuelle kulturminne på staden. Desse tekstane låg også på O-laget sine heimesider.

**Tur-o på nett:** Heile tur-o-tilbodet til Sveio O-lag har gjennom sesongen vore presentert på Norges Orienteringsforbund sine nettsider, [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no). Her kunne kvart enkelt kart med innteikna postar lastast ned og skrivast ut. På nettsidene kan også våre tur-o-deltakarar registrera seg og leggja inn sine besøk på dei ulike postane. SOL har dei fleste turane i tilbodet om NærTrim/Barnas Tur-O og Foto-O tilgjengeleg og nedlastbart på nettet. Besøk ved alle desse postane og ved alle dei 52 postane i familietur-o, kan registrerast på nettet. Oppslutnaden om registrering av postbesøk på nettsida vart rekordstor i 2016.

### **Nærtrim/Barnas tur-o**

20 ulike postar var fordelte likt mellom fire ulike terreng og o-kart. Fem postar låg ute, i terrenget nær Drångsvågen ved Førde, fem postar nær Auklandshamn skule og like mange postar i marka mellom Fjellstad, Åsetjørna og Steinartjørn. Dei fem siste av desse 20 nærtrim-postane låg i Eivindsmarka ved Valevåg.

### **Foto-orientering**

Foto-orientering er vårt lågterskeltilbod og ein inngangsbillett til o-idretten. Eit tilbod som også kan høva for funksjonshemma. Tilbodet har gjennom fleire år blitt eit ettertrakta del av Sveio O-lags tilbod om turorientering. Foto-o går ut på å finna att detaljbilete som er gjengitt på eit ark ved sida av innteikna postar på kartet. Foto-orienteringa var i 2016 lagt til Sveio sentrum og til Førde sentrum. Svært mange sende inn svar på oppgåva frå foto-o. Alle dei innsendte svara var med i trekkinga om premiar ved sesongslutt.

### **Kaffipost med marknadsføring**



*Sveio O-lag driv marknadsføring overfor turgåarar mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr søndag 11. juni 2017.*



SOL sin lange tradisjon med servering av kaffi, saft og kaker på ein tur-o-post ein søndag før sommarferien, blei halden vedlike også i 2017. Det skjedde søndag 11. juni ved turvegen om lag midtvegs mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr. Denne vakre søndagen og den strategiske plasseringa av kaffiposten blei utnytta til marknadsføring av turorienteringstilbodet. Eit kart med innteikna tur-o-postar i området, var trykt opp i rikt antal. På baksida av kartet var påtrykt meir info om SOL' s tur-o-tilbod. Denne dagen vart kartet delt ut gratis til interesserte. Svært mange turgåarar tok i mot og besøkte postar som var innteikna. Alle som leverte inn kartet på tilbaketuren og hadde vore minst fem av dei innteikna postane, blei med i trekking om premie. Me trekte dessutan premie blant alle som besøkte kaffiposten denne søndagen mellom klokka 12 til klokka 15.

### Sal og marknadsføring

Salet av Tur-o-konvoluttar blei svært bra i jubileumssesongen 2017. Me hadde ein liten auke i salet av den store familiekonvoluttten. Utsalsstadene våre denne sesongen var Haukås bensinstasjon, Servicetorget i Sveio kommunehus, Førde dagligvare, Auklandshamn handel og Valevåg dagligvare. I tillegg blei det også i år selt konvoluttar direkte til bedrifter. Sterk innsats frå medlemmer i tur-o-utvalet når det gjeld sal av sponsorannonsar er dessutan ein viktig del av både marknadsføring og økonomiarbeidet i tur-o-tiltaket vårt. I tillegg har me annonsert tilbodet i Vestavind. Men den aller beste marknadsføringa av tur-o-tilbodet er når medlemmer, tillitsvalde og brukarar framsnakkar tilbodet vårt.

Fylke	Arrangør	Sesong	Konvoluttar	Klippekort	Turpakker	Turer	Total omsetning	Avgift (15%)
Hordaland	Sveio OL	2017	156	2	0	4	26510,00	3976,50
Hordaland	Sveio OL	2016	155	5	3	0	26550,00	3982,50
Hordaland	Sveio OL	2015	142	6	0	6	23940,00	3591,00
Hordaland	Sveio OL	2014	149	5	2	0	25550,00	3832,50
Hordaland	Sveio OL	2013	187	15	0	0	32050,00	4807,50

Samandrag av rapportar sendt inn til NOF dei siste åra. Under kolonna konvoluttar er slått saman begge våre to typar konvoluttar.

### Finns Fram dagen i Rex Garden



Høgdepunktet for mange gjennom tur-o-sesongen er Finn Fram dagen med innlagt Kaffipost og mykje meir. Arrangementet var i 2017 som året før lagt til Strando med Prestabryggjo og Rex Graden i Førde. Dette er ein arena og eit område som høver særst godt til eit slikt familievennleg arrangement i friluft, særleg når me blir velsigna med vakkert seinsommarver som me fekk søndag 3. september.

Sveio O-lag som hovudarrangør hadde laga til ei rundløype med postar kor det var hengt opp ulike o-tekniske oppgåver. Både start og mål på rundløypa var satt til sjøkanten på Strando.

På nokre av oppgåvepostane langs rundløypa hadde eit av våre medarrangerande lag ein aktivitet eller presentasjon av kva laget driv med og står for. Dermed kunne deltakarane i rundløypa delta i kajakkpadling, pølsegrilling, luftgeværskyting og speedorientering. Kvar deltakar fekk ved start utlevert eit kart over rundløypa med skjema på baksida kor ein kunne skriva inn rett svar på oppgåvene.

Alle som leverte inn svar skjema ved målpassering blei med i loddtrekking om premiar.

Arrangementet blei ein stor suksess med over 200 deltakarar.













# Gull og heider då SOL feira 50 år

Det vanka mykje, ros, gilde helsingar, heider og til sist utdeling av gullplakettar, då Sveio Orienteringslag feira sitt 50-årsjubileum.

*Velkommen til*  
**JUBILEUMSFEST**  
På Førde Samfunnshus fredag 17. november kl. 1900

<b>PROGRAM</b>	<b>PÅMELDING</b>	<b>SVEIO O-LAG</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>■ Presentasjon av 50-års historie på 25 minuttar, v/Thomas Førde</li><li>■ Quiz. Helsingar. Gode historier</li><li>■ <b>Utdeling av merke og premiar etter årets tur-o-sesong</b></li><li>■ Servering av varmrrett, kaffi og kaker</li><li>■ Underholding v/Valestrand Mannskor</li></ul>	<p>På grunn av serveringa ønskjer me påmelding <b>innan torsdag 9. november</b> til: Astrid Før Sund, tlf. 478 36 654, e-post: ass-fo@online.no</p> <p><b>Fri entre, men loddsal og fine gevinstar!</b></p>	 

[www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) • [www.facebook.com/sveiool](https://www.facebook.com/sveiool)

Storsalen i Førde Samfunnshus var vakkert pynta i Sveio O-lag sine fargar, raudt, kvitt og grønt, då dei 80 gjestene kunne setja seg til bords. Thomas Førde, som er leiar i laget, tok festlyden med på ei reise gjennom SOL si 50 år lange historie. Han fortalde om korleis laget blei skipa i Førde våren 1967 med instruksjonskveld i bruken av kart og kompass og at mellom 60 og 70 bygdafolk i alle aldrar deretter stilte opp i ulike orienteringsløp utover i sesongen.

## «Alle» ville vera med

Førde hevda at det som skjedde i 1967, då o-sporten kom til bygda, likna mykje på ei religiøs vekking. Alle vart gripne av den ny aktiviteten og ville vera med. Interesse for orientering spreidde seg rundt i store delar av Sveio kommune. Bussar blei leigde inn og fylte opp då dei mange ferske o-løparane i Sveio O-lag reiste ut for å delta i tevlingar rundt i distriktet.

Nybegynnarane lærte fort og hevda seg godt. Alt andre året i laget si historie vart dei beste kåra til kretsmeistrar. Same året blei Sveio O-lag sin breie stall av unge og litt eldre løparar vinnar av lagkonkurransen på Haugalandet.

## Gründeren var med på video

Initiativtakar til Sveio Orienteringslag var Astrid Schei som budde i Førde sist på sekstialet. Ho var gift med distriktslækjaren i bygda og hadde litt røynsle som aktiv

o-løpar. Under jubileumskvelden i Førde Samfunnshus blei det vist fram eit videointervju med pioneren Astrid Schei.

Etter den historiske forteljinga blei det bore fram både gåver og rosande helsingar til jubilanten. Ordførar Jorunn Skåden helsa frå Sveio kommune. Det gjorde også hovudutvalsleiar Asle Halleraker. I tillegg blei det helsa og bore fram gåver frå Haugesund IL si O-gruppe og frå Rogaland O-krets. Dertil heldt Einar Sæbø ein minnerik tale. Sæbø var med og starta o-idretten i Haugesund og var viktig som mentor og rådgivar då Sveio o-lag sette i gong for 50 år sidan.

### **Nye og gamle viser**

Under jubileumskvelden underheldt Valestrand Mannskor med fleire viser av Ivar Medaas. Leiv Bjørge hadde jamvel skrive ei hyllingsvise til Medaas som vart urframført denne kvelden.

Heile festlyden blei etter matøkta invitert til å vera med på allsong av ei vise som vart skriven til den første årsfesten som blei halden av jubileumslaget. Den festen vart skipa til med stappfull sal i Førde Ungdomshus, Myklatun, i november 1967. Jubileumsfesten blei avslutta med utdeling av heidersteikn, ære, merke, plakettar og ymse premiar til dei mange som kvalifiserte i løpet av tur-o-sesongen i jubileumsåret.



*Astrid Schei*





*Einar Sæbø*



*Jorunn Skåden*



*Eivind, Astrid og Karl Inge*



*Mikkel Odd Sandaker og Karl Inge Insteffjord*



*I rollene som Kari og Ivar Medaas, Bror Eriksen og H.C. Andersen*





*Valestrand Mannskor underheldt under leiing av Elin Hetlesæter.*

## Utstyr

**Løpsdrakter** blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmene for kr. 300 (for vaksne ) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre løpsdrakter på lager.

**Overtrekkdressar:** Det ligg også nokre overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**T-skjorter:** I samband med at SOL arrangerte DM Vest og at me tok i bruk nytt kart markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærene under DM-Vest. Me har mange igjen på lager ettersom me kjøpte 100. stk.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

**Klubbfana:** For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland. Fana blei utsyrt med nyinnkjøpt fot eller jordspyd i år ettersom det førre hadde gått tapt.

**Premie-/gavekrus med klubblogo og namn:** Me har i lengre tid drøfta trongen for g veartiklar og premiar med klubblogoen p . I 2010 blei det laga eit nytt krus med p trykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire  r kan spreia med glede til dei som fortener det. Storparten av desse premiane blei delte ut under to-dagars DM Vest p  Vandaskog.

**Skulebrikker:** Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL n  eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kj pt inn nye i 2016 til erstaning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

**Konkurranserbrikker:** SOL disponerer ca. 20 EKT-brikker.

**Fingerkompass:** Klassesett med enkle fingerkompass fekk me fr  Gildefondet.

**Vanlege kompass:** Eit klassesett

**Luftgev r,** 2 stk. blei innkj pt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen

**Framvisar** (projector) blei innkj pt hausten 2015 for at me lettvint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement

### **Kart:**

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000  rstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000 2009/10

Einstadb voll 1: 10 000 2009/10

Einstadb voll 2 1: 5000 2009/10

Auklandshamn 1:10 000 2004

Auklandshamn skule 1: 5000 2004

Slettene 1: 5000 2004

F rde 1:10 000 1998

F rde n rkart 1: 10 000 2003

F rde n rkart 1: 5 000 2003

F rde Prestabryggjo 1: 5000 2006

Lier 1: 10 000 2006

F rde skulekart 1: 2000 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000 ,2006

Valestrand 1: 15 000 1973

**Kart/l ypeteikningsprogrammet:** OCAD 11

**F lgjande postutstyr er p  lager i klubben si eiga:** ( Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermar i bra stand. Dertil hadde laget ved  rsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. fr  og med 100 til og med 176. I tillegg har me  tte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

**Tidtakarutstyr:** MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar.



Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.

**Sveio O-lag på nettet**

www.sveiool.org [www.facebook.com/sveiool](https://www.facebook.com/sveiool)

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå egne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i, blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian. Han er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement.